

Medlemer i Røldal fjellstyre

Kinsarvik 21.3.2023

Innkalling til styremøte i Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Tysdag 28.3.23 klokka 1800

Stad: Banken

Saker til styremøtet:

Sak 13/23: Meldingssaker

Sak 14/23: Eventuelt/informasjon hendingar sidan førre møte

Sak 15/23: Høyring villreinkvote og tiltak Hardangervidda 2023

Sak 16/23: Status dugnad, hytter og stolar

Sak 17/23: Utmelding av Røldal Grendahus SA

Sak 18/23: Rypejakt/småviltjakt 2023/24

Sak 19/23: Organisering av søknad til reinsløyver 2023

Tor Helge Haara Tjemsland/s/
Styreleiar

Steinar Lund/s/
Fjelloppsyn/sekretær



Sak 13/23: Meldingssaker

Saksutgreiing:

Postliste:

2023.02.14-36-Statskog - Oversending av søknad om tiltak på hytte i Glupen
2023.02.13-60 Tank-Nielsen - Utkast stiftelsesdokument og vedtekter Redd Villreinen
2023.02.18-612.1 Røldal fjellstyre - Svar på førespurnad om samjakt 2023
2023.02.19-145.9 Røldal fjellstyre - Søknad om midlar til fiskeforbetrande tiltak frå Sparebank1-stiftinga Kvinnherad
2023.02.19-652.1 Røldal fjellstyre - Angående fiskeutsetting i reguleringsmagasin i Røldal-Suldal-anlegget
2023.02.20-43 TUV - Motorferdselløyve Gamlabua og Eriksbu vinteren 2023
2023.02.20-36 Røldal fjellstyre - Tilbakemelding på søknad om tiltak på hytte i Glupen
2023.02.20-032 Røldal fjellstyre - Forslag til kostnaddeling for arkiv og fjellstyrekontor
2023.02.20-612.3 Villreinutvalet - Høyering bestandsplan villrein Hardangervidda
2023.02.20-612.3 Statsforvaltaren i Oslo og Viken - Invitasjon til oppstartsmøte tiltaksplan for villreinen på Hardangervidda
2023.02.21-612.3 Villreinutvalet - Tiltak for villreinen på Hardangervidda
2023.02.21-43 Jan Kristiansen - Søknad om grunneigars løyve til motorferdsel på Røldal statsallmenning
2023.03.03-612.3 Setesdal Ryfylke Villreinlag - Forslag til avskytingsplan 2023
2023.03.06-612.3 Røldal fjellstyre - Høyeringssvar bestandsplan Hardangervidda 2023-2025
2023.03.06-60 Røldal fjellstyre - Signert leigekontraktar Svandalsflona 2023-2027
2023.03.07-43 Røldal fjellstyre - Svar på søknad om grunneigars løyve til motorferdsel på Røldal statsallmenning
2023.03.08-035.0 Røldal fjellstyre - Førespurnad om førehandskonferanse om byggesøknad Midtfjellsvodlen
2023.03.12-145.3 Fjellstyresambandet - Tildeling av friluftsmidlar 2023
2023.03.13-612.3 Røldal fjellstyre - Svar på høyring på framlegg til avskytingsplan Setesdal Ryfylke
2023.03.15-030 Røldal fjellstyre - Førespurnad til Røldal bygdalag om overtaking av eigarandel i Røldal Grendahus SA
2023.03.17-612.3 Villreinutvalet - Invitasjon til årsmøte i villreinutvalet
2023.03.17-612.3 Villreinutvalet - Invitasjon til vårmøte Hardangervidda
2023.03.18-145.9 Røldal fjellstyre - Søknad til Sparebanksstiftinga Hardanger om midlar til renovering av Eriksbu
2023.03.20-145.9 Sparebanken Vest - Tildeling av midlar frå Ildsjelfond til renovering av fjellstyrehytte

Framlegg til vedtak:

Ingen.



Sak 14/23: Eventuelt/informasjon hendingar sidan førre møte

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

- Fjellstyret har mottatt kr 10 000 til rekrutteringstiltak (haustingsbasert friluftsliv). Tor Helge har inngått avtale med skulen. Kjøpt inn noko luksusvarer til viddaturen i august.
- Fjellstyret har mottatt kr 60 000 i støtte til renovering av Eriksbu frå Ildsjelfondet.
- Tor Helge meiner fjellstyret bør vurdere å kjøpe inn skilt/flagg med logoen vår til å henge på lavvoen på marknaden. Ynskjer i tillegg å «trykke» opp snyltekoppar med fjellstyret sin logo for å gje til elevane som skal på viddaturen.
- Det vert vårmøter 14. og 15. april på Lofthus/Hardanger hotell. Tor Helge stiller frå Røldal. Sak om vedtektsendring i Villreinutvalet gjer at fjellstyret må diskutere sitt syn på saka.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Sak 15/23: Høyring villreinkvote og tiltak Hardangervidda 2023

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Framlegg til kvote og tiltak i reinsjakta i år er venta å bli sendt ut fredag 24. mars. Blir vidaresendt til styret når det er motteke.

Framlegg til vedtak:



Sak 16/23: Status dugnad, hytter og stolar

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Angående straum på stolarne:

Tor Helge har endeleg kome i kontakt med rett person i Fagne. Han skal kome tilbake til oss med eit grovestimat på kor dyrt det vil vere å få lagt inn straum på stolarne.

Fjellstyret må vidare ha ein diskusjon rundt vegen vidare for stolarne og beitene. Døme på avklaringar kan vere:

- Forhold rundt Ulevåbotn gjer at fjellstyret sin plan om gjennomføring av renovering av stolskuset må revurderast. Kort oppsummert vert vår noverande plan for kostbar – økon
- 16. mars var Tor Helge og Steinar var i forhåndskonferanse med Ullensvang kommune angående bygging av utedo/naust ved Midtfjellsvodlen.
 - o Vidar dialog med kulturminneansvarleg i fylkeskommunen er nødvendig.
- Arbeidet med nye beitekontraktar er starta. Det vil vere ryddig om fjellstyret diskuterer kva prinsipp som skal ligge til grunn i desse kontraktane.
 - o Maks antal beitedyr?
 - o Leigepreis – beite + bygningsmasse?
 - o Tillat infrastruktur – salteplasser, sankehegne, gjerder, GPS-antenner o.l.
 - o Videreføring av noverande beitegrenser.
- Kva alternativer har me for å redusere/unngå streifbeiting?
 - o Salteplasser Holmvatnet – starte dialog om leige av beiteareal?

Byggearbeidet i Eriksbu går etter planen. Solcelleanlegg er innkjøpt og vert montert på dugnad. Det gamle anlegget vert flytta til Ninive og montert i uthuset der ved anledning.

.

Framlegg til vedtak:



Sak 17/23: Utmelding av Røldal Grendahus SA

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Tor Helge deltok på årsmøtet til Røldal Grendahus SA som fjellstyret sin representant. Fjellstyret hadde spelt inn sak om utmelding/overdraging av sin «eigarandel» i huset. Det vart avklara i møtet at utmelding av samvirkeforetak ikkje treng behandlast av årsmøtet. Lag, og privatpersonar, som ynskjer å melde seg ut av Røldal Grendahus SA, gjer dette ved å sende skriftleg førespurnad til grendahusstyret.

Ei av sakene i møtet var ganske omfattande vedtektsendringar. Resultatet av dette vart blant anna at fjellstyret er forplikta til å ha styrerepresentant om ein beheld sin «eigarandel». Vedtektene opna og for at den same «eigarandelen» kan overførast til andre lag/organisasjonar i bygda.

I samsvar med liknande sak i fjor, kontakta Tor Helge Røldal Bygdalag om dei framleis var interessert i å få overført Røldal fjellstyre sine partar til seg. Det er dei truleg, men bygdalaget ynskjer å avklare dette i det nye styret.

Framlegg til vedtak:

Leiar får fullmakt til å sende følgjande skriftleg førespurnad til styret i Røldal Grendahus SA:

Røldal Fjellstyre informerer med dette grendahusstyret om at Røldal Fjellstyre ynskjer at sitt medlemskap i Røldal Grendahus SA skal opphøyr.

Røldal Fjellstyre har vore i dialog med Røldal Bygdalag, som ynskjer å overta Røldal fjellstyre sine partar i Røldal Grendahus SA.

Røldal Fjellstyre søker difor med dette om at grendahusstyret primært behandlar ein søknad om overføring av Røldal Fjellstyre sine partar til Røldal Bygdalag (org nr 928 189 244).

Sekundært søker fjellstyret om opphøyring av Røldal Fjellstyre sitt medlemskap i Røldal Grendahus SA.

Røldal fjellstyre ber om skriftleg tilbakemelding på behandlinga av førespurnaden, inkludert utskrift av møtereferat kor utmeldinga vert handsama. Dette til vedlegg i eige arkiv.



Sak 18/23: Rypejakt/småviltjakt 2023/24

Saksdokument:

Saksutgreiing (SL):

Jaktsesongen 2022-2023					
		Max antal selde	Selde løyver		
		2022-23	2020-21	2021-22	2022-23
Innanbygds	Sesong	9	12	11	8
	Veke (01. - 14.okt)	30	2	0	0
	Veke (15.okt - 28.feb)	2 per dag	n/a	n/a	0
	Dag (01. - 14.okt)	3 per dag	n/a	n/a	1
	Dag (15.okt - 28.feb)	10 per dag	26	9	1
	Smårovvilt	n/a	0	0	0
Utanbygds	Sesong	6	15	10	6
	Veke (01. - 14.okt)	30	20	20	26
	Veke (15.okt - 28.feb)	2 per dag	n/a	n/a	1
	Dag (01. - 14.okt)	2 per dag	n/a	n/a	28
	Dag (15.okt - 28.feb)	10 per dag	195	261	191
	Smårovvilt	n/a	13	5	7
	Totalt salg		283	318	269
	Vinterjakt:	10 per dag	39	78	68
	Def: Vinterjakt	Frå 01.01 til 28.02			

Fellingsstatistikk rapportert:

	Fjellrype	Lirype	Samla
2019/20	159	13	172
2020/21	134	5	139
2021/22	157	4	161
2022/23*	99	3	102

* Rapportert på 182 av 269 selde kort (68%).

Gjeldande jaktreglar / ordning

Fjellstyret hadde fyljande reglar for småviltjakta førre sesong:

1. Det opnast opp for rypejakt/småviltjakt f.o.m. 1. oktober 2022 t.o.m. 28. februar 2023. Jaktkorta vert lagt ut for sal på Inatur 01.06.22 kl. 09:00.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 482 70 778- epost: roidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no



2. Det opnast ikkje opp for jakt på hare.
3. Det kan skytast 2 rjuper per dag per jeger. Ikkje høve til å samle opp frå dag til dag.
4. Jegerar mellom 16 - 20 år kan kjøpe dagskort med ungdomsrabatt.
5. Jeger under 16 år (opplæringsjakt), jakter gratis med veileidar. Opplæringsjeger vil, etter avtale med fjellstyre, få ein kvote på 1 rjupa per dag. Veileidar må ha løyst ordinært jaktkort.
6. Fjellstyret tilbyr smårovviltkort for sesongen 2022 og sesongen 2023. Jaktkortet er gyldig f.o.m. 1. mars t.o.m. 31. september.
7. Det opnast for jakt på Kanadagås i jakttida for denne. Ein kan jakte Kanadagås både på smårovviltkortet og småviltkortet.
8. Fellefangst av villmink er vederlagsfritt etter avtale med fjellstyret. Leiar får fullmakt.

Korttyper og varigheit:

- Det skal vere ei tilnærma 60/40 fordeling av kort i favør innanbygds.
- Det skal vere tilbod om eit gratis dagskort til dei som har teke jegerprøva inneverande år.
- Ein skal prøve å avgrense talet på jegerar til maks 30 pr dag gjennom året. Ein opnar for noko fleir jegerar i oktober. Tildeling av korttyper skal gjerast på ein slik måte at ein oppnår dette.

	Innanbygds	Utanbygds
Sesongkort 01.10-28.02	9	6
Vekekort, periode 1 - 01.10-07.10	15	15
Vekekort, periode 2 - 08.10-14.10	15	15
Vekeskort f.o.m. 15.10 t.o.m. 28.02	2	2
Dagskort f.o.m. 01.10 t.o.m. 14.10	3	2
Dagskort f.o.m. 15.10 t.o.m. 28.02	10	10
Smårovviltkort sesong 2022	-	-
Smårovviltkort sesong 2023	-	-

Det er selt ein del færre kort sist sesong samanlikna med åra før. Noko av dette kjem nok av ein dårleg rypesesong, men og som eit resultat av endringane i tal kort som har blitt lagt ut for sal dei siste åra. Dei aller fleste dagskorta og vekeskorta for utanbygdsbuande for dei to fyrste vekene av jakta blei selt, og alle tilgjengelege sesongkort blei seld. Frå 15. oktober var det utseld for dagskort fem dagar i oktober og 26. februar.

Tal frå fellingsrapportar på Inatur tyder på at det er jakta lite fugl sist sesong samanlikna med tidlegare, men det kan og kome av at rapporteringsprosenten er relativt låg (68%). Det er dessverre vanskeleg å finne rapporteringsprosenten for kvar enkelt sesong tilbake i tid.

Jaktreglane har blitt justert ein del dei siste åra, blant anna for å redusere jakttrykket langs E134 etter at snøen har lagt seg. Sakshandsamar er ikkje kjent med tilbakemeldingar frå jegerar om ting som bør endrast. Ordninga for jakta i 2022/23-sesongen er truleg på eit



høveleg nivå, og kan leggjast til grunn for jakta frå og med 2023/24-sesongen. Det bør presiserast i jaktreglane at det ikkje er lov å jakte med hund. Det kan med fordel gjerast vedtak som gjeld inntil vidare.

Framlegg til vedtak:

Jaktreglane og ordninga for småviltjakta blir vidareført frå 2022/23-sesongen, og blir gjort gjeldande inntil vidare:

1. Det opnast opp for rjupejakt/småviltjakt f.o.m. 1. oktober t.o.m. 28. februar. Jaktkorta vert lagt ut for sal på Inatur 01.06 kl. 09:00.
2. Jakt med hund er ikkje tillate, dette gjeld og hund i band.
3. Det opnast ikkje opp for jakt på hare.
4. Det kan skytast 2 rjuper per dag per jeger. Ikkje høve til å samle opp frå dag til dag.
5. Jegerar mellom 16 - 20 år kan kjøpe dagskort med ungdomsrabatt.
6. Jeger under 16 år (opplæringsjakt), jakter gratis med veileidar. Opplæringsjeger vil, etter avtale med fjellstyre, få ein kvote på 1 rjupa per dag. Veileidar må ha løyst ordinært jaktkort.
7. Fjellstyret tilbyr smårovviltkort. Jaktkortet er gyldig f.o.m. 1. mars t.o.m. 30. september.
8. Det opnast for jakt på Kanadagås i jakttida for denne. Ein kan jakte Kanadagås både på smårovviltkortet og småviltkortet.
9. Fellefangst av villmink er vederlagsfritt etter avtale med fjellstyret. Leiar får fullmakt.

Korttyper og varigheit:

- Det skal vere ei tilnærma 60/40 fordeling av kort i favør innanbygds.
- Det skal vere tilbod om eit gratis dagskort til dei som har teke jegerprøva inneverande år.
- Ein skal prøve å avgrense talet på jegerar til maks 30 pr dag gjennom året. Ein opnar for noko fleir jegerar i oktober. Tildeling av korttyper skal gjerast på ein slik måte at ein oppnår dette.

	Innanbygds	Utanbygds
Sesongkort 01.10-28.02	9	6
Vekekort, periode 1 - 01.10-07.10	15	15
Vekekort, periode 2 - 08.10-14.10	15	15
Vekeskort f.o.m. 15.10 t.o.m. 28.02	2*	2*
Dagskort f.o.m. 01.10 t.o.m. 14.10	3*	2*
Dagskort f.o.m. 15.10 t.o.m. 28.02	10*	10*
Smårovviltkort	Ubegrensa	Ubegrensa

* Øvre grense for selde kort pr dag

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 482 70 778- epost: roidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no



Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 23. Saka vert oversendt Ullensvang kommune for uttale, og ein tek atterhald om at kommunen ikkje har merknadar til vedtaket.

Sak 19/23: Organisering av søknad til reinsløyver 2023

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Hardangervidda:

Kvoten for 2023 er enno ikkje sett, men innstillinga til villreinutvalet er at kvota, og organiseringa, vert tilnærma lik som i 2022.

For Røldal FS sin del så betyr det at ein får omtrent 288 kort, der halvparten er bukk og halvparten frie dyr. Det føl med kalv på alle korta.

Kvoten har fordelt seg slik dei siste åra (totalkvote og Røldal SA):


Jaktår	kalver		simle/ungdyr		Valgfrie dyr		Tildelte totalt	
2008	455	19	588	28	381	16	1520	63
2009	454	19	681	28	384	16	1523	63
2010	5	0	15	0	2000	83	2024	83
2011	1507	62	2694	114	731	31	5020	207
2012	1807	74	3310	137	903	37	6020	248
2013	1760	72	3510	144	1755	72	7025	288
2014	910	37	6755	278	1360	56	9025	371
2015	1205	50	5610	230	1205	49	8020	329
2016	6807	280	6805	280	1203	49	14815	609
2017	3907	160	3908	160	2105	86	9920	406
2018	234	9	232	9	1056	43	1522	61
2019	0	0	0	0	6035	247	6035	247
2020	0	0	0	0	4964	206	4984	206
2021	8000	329	0	0	8000	329	8000	329
2022	7000	288	0	0	7000	288	7000	288

Uansett vil årets jaktkvote mest sannsynleg føre til overflod av kort og ein vil ikkje kunne forvente at kort vert ettertrakta korkje som bytte mot samjakt eller som salsvare.

For å bli kvitt korta bør derfor fjellstyret prøve å få desse ut til eigne jegerar.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 482 70 778- epost: roidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no



Røldal FS er også i år i ei særstilling med «støkje-regime» langs E134 – altså området der det ikkje skal vere dyr. Truleg vil dette gjere det mindre attraktivt å jakte i området nær E134. Ein må derfor forvente at jegerar vil søkje seg til andre områder for å jakte. Fjellstyret har difor sidan 2021, seld fellingsløyver til færre jegerar. Fjellstyret selde i 2022 fellingsløyver til 86 jegerar + 9 overgangsavtalar. Fjellstyret fekk ingen tilbakemeldingar som tilsa at dette var eit for høgt antal jegerar.

Røldal FS gjekk i fjor vekk frå Inatur, men behaldt søknadsfristen i månadskiftet april/mai. Underteikna har ikkje mottatt negative tilbakemeldingar på dette. Tor Helge merka ein markant nedgang på arbeidet med å selje jaktkorta no når ein ikkje nyttar Inatur. Skal Tor Helge ha noko med salet er å gjere, er det (med bakgrunn i dette) eit ufråvikeleg krav at fellingsløyva skal seljast på same måte som i fjor – søknad via mail, med frist seinast 01. mai. Skal ein halde fram med denne datoen, må søknadsfristen avgjerast på dette møtet. Kortutdelinga på Røldalsmarknaden fungerte også sær s bra, og bidrog til å redusere arbeidsmengda ytterlegare. Det er likevel slik at dette er sær tidkrevande arbeid. Tor Helge ynskjer ein diskusjon rundt alternative løysingar.

Sidan det framleis er usikkert med tanke på kvotestorleik og kortfordeling vil sakshandsamar tilrå at det i år vert laga ei kortpakke for kvar jeger som ynskjer jakt. Fjellstyret set makstak på jegerar som kan jakte på Røldal SA og at alle kort så vert fordelte ut på desse jegerane. Ein tilrå då å setje ein fast pris på jakta uavhengig av talet på kort den einskilde får tildelt. Fridyrkort, Vaksen bukk, S/U og kalv skal fordelast rettferdig over alle pakkene med prinsippet om den som står tidleg på trekkingslista får føremoner dersom det må vere ulikt. Underteikna føreslår at ein ikkje skal dele ut meir enn to fellingsløyver per jeger, og heller tilby fleire løyver i etterkant til ein rimeleg sum.

Setesdal/Ryfylke:

Ein innførte i 2021 eit poengsystem for jakta på SR. Det innebar at den som søker får 1 poeng for kvart år jegeren sender søknad på jakt på SR. Jakta vert så trekt blant dei som har flest poeng. Dei som får tilbod om kort misser poenga sine og startar så på null når dei har fått kort. Over skal vil dette sikre at alle som søker jakt får jakte.

Fjellstyret har fått tilbakemelding på at det i 2023 vert noko mindre fellingskvote, medan ei fordeling på 40% bukk vert vidareført. Underteikna estimerar at det me vert tildelt 6 – 8 bukkar i 2023. I 2022 fekk fjellstyret 12 bukkar, og selde desse til 12 jegerar. Det har vore litt delte tilbakemeldingar på om 12 stykk er for mange jegerar.

Prisar på kortpakker:

Underteikna ynskjer at fjellstyret skal redusere prisrammene ytterlegare for fellingsløyva på Hardangervidda.

- Kortpakkane vart i fjor seld for kr 3250 til innanbygds, og kr 6500 til utanbygds.
 - o Antar ein like mange jegerar som i 2022, og ein prisreduksjon på 250 kr per innanbygdspakke, vil dette medføre eit inntektstap på om lag 25 000 kr.
- Pris på reduserte kortpakkar var i 2022 kr 1800,-

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 482 70 778- epost: roidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no



Alle kortpakkane på syd inkluderte i fjor 1 bukk, og hadde difor alle same pris – kr 2500.

- Basert på færre dyr, og færre fellingar dei siste åra, har fellingsløyva på syd mista noko av «attraktiviteten» sin. Sakshandsamar foreslår difor å reduserer kostnaden per pakke til kr 2300.

Framlegg til vedtak:

Vidareføring av dei generelle retningslinjer ved tildeling av fellingsløyver på villrein på Røldal Statsallmenning.

Gjeldane for Hardangervidda (HA280) og Setesdal/Ryfylke (Ullensvang SR84 (Røldal Statsallmenning) + Ullensvang SR85 (Breifonn SA)) villreinområde:

I år der ein kan tilby fellingsløyver til alle innanbygdsjegerar før jaktstart:


Det vert halde to trekkingar, ei for Hardangervidda og ei for Setesdal/Ryfylke. I år der alle jegerar får kort kan same jeger få kort både på S/R og Hardangervidda.

I år der det ikkje er nok kort til alle innan jaktstart:

Det vert gjennomført ei trekning. Ein kan ein berre få kort på det eine villreinområdet. Jegerane vel kvar dei ynskjer å ta ut fellingsløyve ut frå trekningslista.

For 2023 - Hardangervidda:

1. Det er tillete med jaktlag for dei som har kort på HA280. Jaktlaget kan ha opptil 5 jegerar. Avtale må utformast og underskrivast av fjellstyret/sekretær. Det er utarbeidd eige standard skjema for dette som MÅ nyttast. Ferdig utfylt skjema bør sendast fjellstyret i god tid før jaktstart. Avtaler vert handsama etter høve.
2. Kvar innanbygds-søkar må ta ut ei kortpakke kvar (unntak for enkelte grupper under). Talet på dyr i pakka vil variere både i antal og kategori.
3. Det kan seljast kort til maksimalt 90 jegerar på Røldal SA i 2023.
4. Eventuelle overskotskort etter tildeling av innanbygds kan seljast til inntil 20 utanbygdsøkerar. Utanbygdsbuande jegerar søker på mail direkte til fjellstyret. Tildeling elles som for innanbygds. Informasjon om søknadsfrist og søknadsmåte vert lagt ut på heimesida og facebook, med søknadsfrist 28. april.
5. Jakttida er f.o.m 20. august kl. 0700 tom 30. september kl 1900. Det er nattefredning på Røldal SA fom 1900 til 0700. Dersom direktoratet fastset tidlegare jaktstart vil fjellstyret følgje dette. Dersom jakta vert utvida ut i oktober vil fjellstyret i utgangspunktet følgje dette.
6. Røldal Fjellstyre opnar for samjakt med andre vald etter søknad og eige handsaming. Nærmare reglar om dette vert kunngjort for jegerane.
7. Fyrstegongsjegerar får tilbod om gratis fellingsløyver (1 stk «reduisert pakke»). (sjå definisjon om fyrstegongsjeger i sak 44/20). Jegeren må opplyse om at han/ho er fyrstegongsjeger på søknaden. Det er alderen ved jaktstart som avgjer kva kategori jegerane havnar i.



8. Studentar, uføre/eldre og ektefeller/sambuar vil kunne søkje om å ta ut «reduisert pakke med dyr». (sjå definisjonar i sak 44/20 og 23/22). Jeger må informere om dette på søknaden. Ungdom mellom 18-20 år betalar halv pris «reduisert pakke».
9. Etter jaktstart får leiar fullmakt til å fordele eventuelle ekstraløyver. Ekstraløyva skal fordelast etter «fyrstemann-til-mølla»-prinsippet til jegerar som har «brukt opp» sine løyver. Leiar får fullmakt til vidaresal av fellingsløver som vert returnert etter jaktstart.
10. Kort kan overførast til andre vald. Røldal FS gjev fullmakt til jegerar slik at dei kan overføre kort til andre med kort utskrive av Røldal FS. Det lagast eige skjema for dette som skal nyttast. Kort som er med i jaktlag kan ikkje overførast.

Prisar for kortpakker Hardangervidda:

Innanbygds: 3000,-
Personar omtala i punkt 8: 1800,-
Ungdom mellom 18-20 år: 900,- (då for redusert pakke)

Utanbygds: 6000,-

- Fjellstyret kjøper inn 60 eksemplar av villreinen. Desse vert primært delt ut til dei som hentar fellingsløyva på kortutdelinga.
- For å dekkje inn utgifter/meirarbeid tar ei avgift på 250 kr frå dei som treng fellingsløyver + CWD-sett tilsendt i posten.
- For å stimulere til høgare fellingstal, kan jegerane verte tildelt fleire fellingsløyver (jmf. punkt 9). Desse fellingsløyva er gratis, med unntak for jegerar som er tildelt «reduisert pakke» (jmf. punkt 7 og 8) – desse jegerane betalar kr 900 per løyve, men maks totalt kr 3000.
- Utanbygdsjegerar, som ikkje kan nytte seg av løyvet, kan overføre dette til anna jeger, mot eit administrasjonsgebyr på kr 1500. Leiar får fullmakt til å avgjere dette.
- Vidaresal av returnerte fellingsløver skal ha ein minimumspris på kr 900.

Setesdal Ryfylke:

Reglar for tildeling av fellingsløyve.

Ein vidarefører dei to poengsystem for jakt på SR, eit for kortpakkar det det inngår bukk eller fritt-dyr-løyve, og eit for eventuelle andre kortpakkar. Den som søkjer får 1 poeng (i det aktuelle poengsystemet) for kvart år jegeren sender søknad på jakt på SR. Jakta vert så trekt blant dei som har flest poeng. Dei som får tilbod om kort (innan jaktstart) misser poenga sine og startar så på null det påfølgjande året. Unntak berre p.g.a. sjukdom (legeattest krevjast).


Fyrstegongssøkjere på Syd vil det fyrste året dei søkjer verte tildelt ekstra poeng. Etter fyrste søknadsår vert poengsummen deira sett til to færre poeng enn det høgaste antalet poeng på lista.

Jaktreglar

Reglane vert dei same som for Hardangervidda med unntak av at det her ikkje er nåttefredning.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 482 70 778- epost: roidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no



Det vert heller ikkje tilbydd gratis fellingsløyve til fyrstegongsjeger, eller moglegheit til å søkje om å ta ut eit redusert antall fellingsløyver (student, uføre/eldre eller ektefeller/sambuarar).

Kortpakkar med 1 vaksen bukk – kr 2300

Fellingsløyver på simle og kalv vert fordelt etter trekningslista. Leiar har fullmakt.

Vedtaket er gjort i medhald av Fjellova §§ 23 og 24
